



Søknad om fritak/sjeldnare slamtøming, feiing og vatn – og avløpsgebyr

Før du fyller ut: Hovudregelen er at bustaden skal stå tom i eit halvt år før fritak kan bli gitt.

1. Opplysningar om eigedom og eigar:

Gnr: _____ Bnr: _____ Fnr: _____ Snr: _____

Bustadtype: Heilårsbustad Fritidsbustad/hytte Anna (spesifiser): _____

Namn: _____

Adresse: _____

Postnr.: _____ Poststad: _____

Telefon: _____ Mobiltelefon: _____

E-postadresse: _____

2. Opplysningar om søkjar når søkjar har annan bustadadresse eller ikkje er eigar:

Namn: _____

Adresse: _____

Postnr.: _____ Poststad: _____

Telefon: _____ Mobiltelefon: _____

E-postadresse: _____

SØKNAD OM SJELDNARE TØMMING

Eg søkjer om å få sjeldnare slamtøming: kvart andre år kvart fjerde år.

SØKNAD OM FRITAK FRÅ SLAMTØMMEORDNINGA

Eg søkjer om fritak frå slamtømmeordninga og legg ved erklæring frå røyrleggjar på at vassleidning er kopla frå bustaden.

SØKNAD OM FRITAK FRÅ VATN – OG AVLØPSGEBYR

Eg søkjer om fritak frå vatn – og avløpsgebyr og legg ved erklæring frå røyrleggjar (**må ligge ved søknaden**) på at vassleidning er kopla frå bustaden.

SØKNAD OM FRITAK FRÅ FEIING

Eg søkjer om fritak frå feiing for ein kortare periode (max 2 år)

Eg søkjer om fritak/forlenging av fritak frå feiing for ein lengre periode og legg ved eigenerklæring om at eldstad(ar) er fråkopla pipe

3. Årsak til søknad (kryss av og spesifiser):

Bustaden har vore ubebodd i minst 6 månader.

Bustaden skal nyttast som fritidsbustad.

Nb! Krev søknad og godkjenning om bruksendring etter Plan- og bygningslova.

Bebuar har fått plass i kommunal institusjon.

Bustaden står til nedfalls og kan ikkje nyttast for opphald over lengre tid.

Anna _____

4. Nærare grunngjeving for søknaden:

Endringsperiode (berre samanhengande periodar på frå 6 månader og opptil 4 år):

ORIENTERING OM REGELVERKET

Feiing

Feiing og tilsyn er heimla i brann - og eksplosjonsvernlova § 11 første ledd bokstav h jf. forskrift om brannforebygging § 17. Kommunen skal sørge for at røykkanalar i fyringsanlegg som vert nytta til oppvarming av byggverk, vert feia ved behov. Kommunen skal også sørge for at det ved behov vert ført tilsyn med fyringsanlegg som vert nytta til oppvarming av byggverk. Sykkylven kommunestyre har vedteke at feiing skal utførast annakvart år og tilsyn kvart 4. år. Eigar av bustad blir fritaken for feiegebyr dersom ein ikkje har tilkopla eldstad til pipe. Kommunen har lagt til grunn ein praksis med moglegheit for fritak i maks 2 år dersom

- bustaden ikkje har vore bebudd dei siste 6 månadar
- bebuar har fått plass i kommunal institusjon
- bustaden står til nedfalls og ikkje kan nyttast for opphald over lengre tid.

Slam

Eit vedtak i denne saka er bygd på «Forskrift om hushaldsavfall og slam i Ålesundregionen» for den kommunen egedomen er plassert i. Del 3 omhandlar reglar om slam og især i § 10 om tømmefrekvens står det:

- a) Slamanlegg skal tømmast når det er nødvendig.*
- b) Alle slamanlegg skal tømmast minimum annakvart år dersom det er tilknytt heilårsbustad og minimum kvart fjerde år dersom det er tilknytt fritidsbustad, eller heilårsbustad nytta som fritidsbustad. Tette tankar skal tømmast minimum kvart år.*
- c) Abonentane har høve til å tinge oftare tømning mot betaling.*
- d) Kommunen kan i einskilde høve fastsette annan tømmefrekvens, til dømes for minireseanlegg.*

Ein gjer merksam på at det er vesentleg dyrare å måtte tømme anlegg utanom vanleg tømmerute for kommunen.

Forskrifta § 20 bokstav b om fritak for gebyrplikta for slam seier:

- I. Kommunen kan etter søknad gje fritak frå gebyrplikta for slamtøming i høve der slamanlegg er langt frå offentleg eller privat køyrbar veg.*
- II. Kommunen kan etter søknad gje fritak frå gebyrplikta for slamtøming i høve der eigeedom står tom og dokumentert fråkopla vassforsyning.»*

Eg har lese innhaldet i «Forskrift om hushaldsavfall og slam i Ålesundregionen» (sjå Lovdata – www.lovdata.no). Som eigar/søkjar er eg ansvarleg for at kommunen til ei kvar tid har rette opplysningar om egedomen og abonnementet. Eventuelle endringar, t.d. eigarskifte, innflytting, fråflytting, nedrivning, brann osv. skal straks meldast skriftleg til kommunen. Gebyrplikt gjeld til melding er motteken. Ved heimsovergang blir fritak automatisk oppheva, jf. Forskrift om hushaldsavfall og slam i Ålesundregionen § 20 bokstav c.

Dersom eg som abonnent/søkjar ikkje oppfyller opplysningsplikta eller gir feil opplysningar slik at det vert betalt for lågt gebyr, kan kommunen foreta ei avrekning tre år bakover i tid. Dersom endringar vert gitt på grunnlag av ukorrekte eller manglande opplysningar frå abonnent/søkjar, kan kommunen etterfakturere frå endringsdato.

Stad og dato

Signatur

Send søknaden til: Sykkylven kommune, rådhuset, Kyrkjevegen 62, 6230 Sykkylven

NB: Denne søknaden gjeld berre slamtømeordninga, feiing og vatn – og avløp. Om du skal endre renovasjon må du ta kontakt med ÅRIM (www.arim.no) på post@arim.no, tlf. 70 16 41 80 eller skriv til ÅRIM, Langelandsvegen 1, 6010 Ålesund.